



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/987 - 19/18088

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
07.06.2019

## Førebels svar med trong for tilleggskommunikasjon - gbnr 137/109 Alver



Tiltak: bustad, parkering, veg  
Byggjestad: Gbnr: 137/109  
Tiltakshavar: Hordaland Byggutvikling AS  
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.03.2019. Vi seier oss leie for sein attendemelding.

### Plansstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Breimyra/planid.. 1263-201207 bustadføremål – bustadblokker felt BB1.

Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 70 % BYA.



Det er søkt om etablering av murar i samband med nedkøyringsrampe til parkeringsdekke nordøst for blokk 1, delar av nedkøyringsrampe, mur C og delar av mur D er plassert utanfor regulert byggegrense i planen.

Føresegna til planen seier følgjand om byggegrense:



*2.1.1 Nye bygg skal plasserast innanfor byggegrensa. Der det ikkje er byggegrenser gjeld føremåls grensa som byggegrense.*

Dei aktuelle murane og delar av nedkøyringsarealet er plassert utanfor regulert byggegrense, i føremåls grense mot fortau o\_FT1.

Vidare kan det sjå ut som om at delar av område f\_AVG6 er teke med i arealet som vert nytta til nedkøyringsrampe til nederste parkeringsdekke. Av føresegna til planen står det følgjande:

*4.4.3 Areal for anna veggrunn - grøntareal kan nyttast til infrastruktur. Areal skal tilsåast med stadeigen vegetasjon eller gjevast anna tiltalende utforming.*

Vi har vore i dialog med teknisk drift vegavdelinga og ber om at det vert levert inn oppdatert teikningar som syner korleis trafikkavviklinga vert løyst i forbindelse med avkøyrsløse til o\_KV1, F\_KV4 og KV5, samt snumoglegheit på eigen grunn.

Slik administrasjonen vurderer det krev synt løysing for nedkøyringsrampe med tilhøyrande murar dispensasjon frå regulert byggegrense og for bruk av f\_AVG6 som køyreareal. Ved eventuell søknad om dispensasjon må det dokumenterast at ein klarer å i vareta tekniske krav til avkøyrsløse og manøvrering både for trafikk til og frå parkering i kjellar og på terreng. Og at ein klarer å ivareta tilfredstillande trafikale tilhøve, krav i vegnormal 100 vil vere retningsgjevande for utforming.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Justert søknad, eventuelt søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense og føremålet f\_AVG6.
2. Oppdatert teikingsmateriell som syner korleis trafikkavviklinga (manøvrering) vert løyst, planlagt køyremønster, svingradius og moglegheit for å snu.
3. Vurdering med omsyn til om det er behov for ny nabovarsling jf. pbl § 21-3.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 05.07.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

**Kommunen vil ferdigstille saka så snart søknaden er supplert.**

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSEN
Hordaland Byggutvikling AS	Stølen 26A	5911	ALVERSUND
Hordaland Byggutvikling AS	Stølen 26A	5911	ALVERSUND

**Mottakarar:**

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSEN
----------------	--------------	------	------------------